



Møteprotokoll

Utval: formannskapet
Møtestad: kommunestyresalen
Dato: 03.02.2026
Tid: kl. 12.00 - 15.40

Desse møtte

Hanne Notøy
Bennie Bantilan Hansen
Egil Ulfstein
Stian Skorgen Scheide
Per Lorentz Kopperstad
Anders Åge Myrene
Lisa Mari Breivik Anderson

Representerer

Ap
Frp
H
H
INP
KrF
Sp

Funksjon

medlem
medlem
medlem
ordfører
medlem
medlem
varaordfører

Andre møtte:

Jarl Martin Møller	adm.	kommunedirektør
Karen Strand	adm.	kommunalsjef oppvekst og kultur
Kristin Vik	adm.	kommunalsjef helse og omsorg
Arne Runar Vik	adm.	kommunalsjef teknisk
Ottar Håkonsholm	adm.	eigedomsleiar

Møtenotat:

Hanne Notøy (Ap) stilte spørsmål om oppfølging av vedtak frå 13.mai 2025 (PS 47/25) om økonomisk støtte til Trebåtfestivalen. Det vart bedt om eit notat til neste formannskapsmøte som skal vere 10.03.2026.

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel	Arkivsaksnr.
PS 01/26	Godkjenning av innkalling og sakliste	26/582
PS 02/26	Godkjenning av protokoll	26/582
PS 03/26	Orienteringar	26/582
PS 04/26	Referatsaker	26/582
PS 05/26	Husleige Skollebakken 1	26/90
PS 06/26	Høyring - handlingsplan for trafikktrygging ved skulesamanslåing	25/2850
PS 07/26	Tillegg til betalingssatsar Helse og omsorg 2026	26/579
PS 08/26	Søknad om støtte til human-etisk konfirmantseremoni	25/2950
PS 09/26	Barnehage Hasund krins - revidert konsept	25/2495
PS 10/26	Debattheft 2026 - Tid for taktskifte	26/6
PS 11/26	Fylkesstrategi for samferdsel 2027-2030 - uttale	20/2471
PS 12/26	Rullering av KIF-planen sitt handlingsprogam 2026	26/557

Ulsteinvik, 05.02.2026

Stian Skorgen Scheide
ordfører

PS 01/26 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak:

Innkallinga og saklista vert godkjende utan merknad.

Behandling:

Innkallinga og saklista vart samrøystes godkjende.

PS 02/26 Godkjenning av protokoll

Vedtak:

Protokollen frå førre møte vert godkjend utan merknad.

Behandling:

Protokollen frå førre møte vart samrøystes godkjend.

PS 03/26 Orienteringar

Vedtak:

[Ingen orienteringar].

Behandling:

[Ingen orienteringar].

PS 04/26 Referatsaker

Underliggende sak:

Saksnr.	Tittel
01/26	Invitasjon til drøftingsmøte - samarbeid om landbruksforvaltning på Søre Sunnmøre
02/26	Politisk høyringsuttale til ny postlov
03/26	Prioritering og regulering av nytt kryss fv. 61, Saunesmarka
04/26	3K - Orientering om prosess for kommunesammenslåing

Vedtak:

Referatsakene vert tekne til vitende.

Behandling:

Referatsakene vart samrøystes tekne til vitende.

PS 05/26 Husleige Skollebakken 1

Vedtak:

1. Kommunestyret vedtek husleige for dei nye omsorgsbustadane i Skollebakken 1 til omlag kr 13 000 per måned.
2. I tillegg vert felleskostnader fastsett til omlag kr 1 300 per måned.
3. Husleiga vert regulert vidare i tråd med gjeldande regelverk og vedteken berekningsmodell.

Behandling:

Eigedomsleiar Ottar Håkonsholm gav ei orientering om saka.

Røysting:

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedteken.

Kommunedirektøren si tilråding:

1. Kommunestyret vedtek husleige for dei nye omsorgsbustadane i Skollebakken 1 til omlag kr 13 000 per måned.
2. I tillegg vert felleskostnader fastsett til omlag kr 1 300 per måned.
3. Husleiga vert regulert vidare i tråd med gjeldande regelverk og vedteken berekningsmodell.

Vedtak som innstilling frå fellesrådet - 27.01.2026 - 05/26

Fellesrådet vil gi eit signal om at vi synast at leigeprisen for Skollebakken 1 er i overkant høg, rådet har likevel forståing for at ein må innhente gjengs leige, men at ein må minnast på at det er ei sårbar gruppe menneske som skal nytte tilbodet.

Vedtak som innstilling frå levekårsutvalet - 28.01.2026 - 06/26

1. Kommunestyret vedtek husleige for dei nye omsorgsbustadane i Skollebakken 1 til omlag kr 13 000 per måned.
2. I tillegg vert felleskostnader fastsett til omlag kr 1 300 per måned.
3. Husleiga vert regulert vidare i tråd med gjeldande regelverk og vedteken berekningsmodell.

PS 06/26 Høyering - handlingsplan for trafikktrygging ved skulesamanslåing

Vedtak:

Formanskapet tek høyringa til vitende.

Formanskapet ønsker at man i prosjektet Bakkegata vurderer planfri kryssning i samband med fortau-utbygging.

Behandling:

Framlegg, foreslått av Stian Skorgen Scheide, Høgre

Formanskapet tek høyringa til vitende.

Formanskapet ønsker at man i prosjektet Bakkegata vurderer planfri kryssning i samband med fortau-utbygging.

Framlegget frå ordførar vart samrøystes vedtatt.

Kommunedirektøren si tilråding:

Sak til uttale utan tilråding frå kommunedirektøren.

Vedtak som innstilling frå fellesrådet - 27.01.2026 - 06/26

Fellesrådet sluttar seg til hovudtrekka for tiltak, prioritering og framdrift for trafikktrygging til og frå skuleområdet i Ulsteinvik sentrum slik det framgår av handlingsplan datert 26.11.2025 vedlagt i saka.

Rådet vil også peike på at det er positivt at ein i stor grad har tatt omsyn til dei med funksjonsnedsettingar som har behov for tilrettelagt transport. Rådet vil elles oppfordre til at ein kan vurdere å engasjere frivillige til å hjelpe til for å skape ein trygg skuleveg.

Vedtak som innstilling frå levekårsutvalet - 28.01.2026 - 07/26

Levekårsutvalet tek orientering og forslag til vitende.

Vedtak som innstilling frå ungdomsrådet - 28.01.2026 - 05/26**Uttale frå ungdomsrådet:**

Ungdomsrådet meiner Bakkegata burde stengast, men kanskje tidspunktet kan justerast til 7.30-8.30?

Det er dumt å ta av uteområdet til ungdomsskulen. Elevane bør vere ute i friminutta, då trengs det uteareal med muligheit å drive med aktivitet.

Innkjøring og utkjøring frå Ulstein ungdomsskule (for levering om morgonen) er krevande når det også går barneskuleelevar i krysset og det er mørkt.

Ungdomsrådet diskuterte også ulike snarvegar og peika på plassar som vert nytta av ungdomsskuleelvar.

Ned frå Prost Ankers gate, før nr 12, er det ofte ekstra glatt vinterstida i svingen retning ungdomsskulen.

Elevar nyttar også ein snarveg opp Vikemyra langs Vikeelva, og vidare opp ved Vikemyra 16.

Buss for ungdomsskuleelevar kan også med fordel flyttast til Gjerdegata. Det er tryggare. Er det mogleg å få speglar i avkøyrslar til høgde i Bakkegata?

PS 07/26 Tillegg til betalingssatsar Helse og omsorg 2026**Vedtak:**

Ulstein kommunestyre vedtek ny sats for eigenbetaling for dagplass og forbruksvarer for 2026 slik;

Forbruksvarer i omsorgsbustad kr 240.- pr. mnd

Dagplass i dagsenter for eldre kr 195.- pr.dag

Behandling:

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedteken.

Kommunedirektøren si tilråding:

Ulstein kommunestyre vedtek ny sats for eigenbetaling for dagplass og forbruksvarer for 2026 slik;

Forbruksvarer i omsorgsbustad kr 240.- pr. mnd

Dagplass i dagsenter for eldre kr 195.- pr.dag

Vedtak som innstilling frå levekårsutvalet - 28.01.2026 - 11/26

Ulstein kommunestyre vedtek ny sats for eigenbetaling for dagplass og forbruksvarer for 2026 slik;

Forbruksvarer i omsorgsbustad kr 240.- pr. mnd

Dagplass i dagsenter for eldre kr 195.- pr.dag

PS 08/26 Søknad om støtte til human-etisk konfirmantseremoni**Vedtak:**

1. Formannskapet vedtek å gi Human-Etisk Forbund eit tilskot på 5000 kroner per konfirmasjonsseremonidag til leige av seremonirom på Sjøborg kulturhus for humanistisk konfirmasjon i 2026. Tilskotet skal dekkast av tilleggsløyvingane til formannskapet.
2. Formannskapet vedtek å gi andre livssyns- og trussamfunn eit tilskot til leige av konfirmasjonsseremonirom på Sjøborg kultuhs tilsvarande andelen konfirmantar busett i Ulstein kommune. Tilskotet skal dekkast av tilleggsløyvingane til formannskapet

Behandling:

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedteken.

Kommunedirektøren si tilråding:

1. Formannskapet vedtek å gi Human-Etisk Forbund eit tilskot på 5000 kroner per konfirmasjonsseremonidag til leige av seremonirom på Sjøborg kulturhus for humanistisk konfirmasjon i 2026. Tilskotet skal dekkast av tilleggsløyvingane til formannskapet.
2. Formannskapet vedtek å gi andre livssyns- og trussamfunn eit tilskot til leige av konfirmasjonsseremonirom på Sjøborg kultuhs tilsvarande andelen konfirmantar busett i Ulstein kommune. Tilskotet skal dekkast av tilleggsløyvingane til formannskapet

PS 09/26 Barnehage Hasund krins - revidert konsept

Vedtak:

Kommunestyremøte ber administrasjonen greie ut følgjande punkt før det blir teke endeleg stilling til investeringsramma:

1. Økonomiske fordelar ved samlokalisering av barnehageavdelingane til Sungodtmarka barnehage.
2. Økonomiske konsekvensar av investeringsramma inkludert konsekvens for framtidig handlingsrom.
3. Konsekvensar av å fråvike rekkjefølgjekrava knytt til barnehagen.
4. Vurdering av tomteval, om valt tomt er det mest tenlege økonomisk alternativet.

Behandling:

Framlegg, foreslått av Stian Skorgen Scheide, Høgre

Kommunestyremøte ber administrasjonen greie ut følgjande punkt før det blir teke endeleg stilling til investeringsramma:

1. Økonomiske fordelar ved samlokalisering av barnehageavdelingane til Sungodtmarka barnehage.
2. Økonomiske konsekvensar av investeringsramma inkludert konsekvens for framtidig handlingsrom.
3. Konsekvensar av å fråvike rekkjefølgjekrava knytt til barnehagen.
4. Vurdering av tomteval, om valt tomt er det mest tenlege økonomisk alternativet.

Eigedomsløiar Ottar Håkonsholm og kommunalsjef for oppvekst og kultur Karen Strand gav ei orientering om saka.

Røysting:

Det vart fyrst røysta punktvis over framlegget til ordføraren før det vart røysta over framlegget i si heilheit.

Punkt 1 vart vedteke med 5 mot 2 røyster (Krf og Ap)

Punkt 2 vart vedteke med 4 mot 3 røyster (Sp, Ap og Kfr)

Punkt 3 vart vedteke med 5 mot 2 røyster (Krf og Ap)

Punkt 4 vart vedteke med 4 mot 3 røyster (Krf, Sp og Ap)

Framlegget frå ordføraren vart vedteke med 4 mot 3 røyster (Krf, Sp og Ap).

Kommunedirektøren si tilråding:

Ulstein kommunestyre vedtek å gå vidare med planane for ny barnehage og ber administrasjonen arbeide vidare i tråd med konseptet datert 19.1.2026 og førebu prosjektet for vidare fase.

Ulstein kommunestyre aukar samla investeringsramme for prosjektet med 24,5 millionar kroner og auken i driftskonsekvensen på 1,225 MNOK vert finansiert ved å nytte auken i rammetilskotet som vist i saka.

Ny samla ramme for prosjektet vert 84,5 millionar kroner inklusiv mva.

Vedtak som innstilling frå levekårsutvalet - 28.01.2026 - 08/26

Ulstein kommunestyre vedtek å gå vidare med planane for ny barnehage og ber administrasjonen arbeide vidare i tråd med konseptet datert 19.1.2026 og førebu prosjektet for vidare fase.

Ulstein kommunestyre aukar samla investeringsramme for prosjektet med 24,5 millionar kroner og auken i driftskonsekvensen på 1,225 MNOK vert finansiert ved å nytte auken i rammetilskotet som vist i saka.

Ny samla ramme for prosjektet vert 84,5 millionar kroner inklusiv mva.

Auka i investeringsramma på 24,5 millionar må sjåast i samanheng med øvrige planlagde investeringar. Levekårsutvalet ber kommunedirektøren, i samband med budsjett- og økonomiplan 2027-2030, legge fram revidert investeringsramme slik at økonomiske og finansielle måltal vert nådd.

PS 10/26 Debattheft 2026 - Tid for taktskifte**Vedtak:**

Ulstein kommunestyre sender inn saksutgreiinga som innspel til årets debattheft.

Behandling:

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedteken.

Kommunedirektøren si tilråding:

Ulstein kommunestyre sender inn saksutgreiinga som innspel til årets debattheft.

Vedtak som innstilling frå levekårsutvalet - 28.01.2026 - 09/26

Ulstein kommunestyre sender inn saksutgreiinga som innspel til årets debattheft.

Vedtak som innstilling frå fellesrådet - 27.01.2026 - 07/26

Ulstein kommunestyre sender inn saksutgreiinga som innspel til årets debattheft.

PS 11/26 Fylkesstrategi for samferdsel 2027-2030 - uttale

Vedtak:

Ulstein kommune støttar hovudretninga i *Fylkesstrategi for samferdsel 2027–2030*.

Kommunen legg vekt på at ein må sikre eit føreseieleg og samordna kollektivtilbod med gode mobilitetsløysingar som fremjar inkludering på tvers av generasjonar.

Kommunen støttar vidare at trafikksikkerheit vert prioritert saman med drift og vedlikehald av eksisterande fylkesvegnett som grunnlag for mobilitet, verdiskaping og berekraftig samfunnsutvikling.

Behandling:

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedteken.

Kommunedirektøren si tilråding:

Ulstein kommune støttar hovudretninga i *Fylkesstrategi for samferdsel 2027–2030*.

Kommunen legg vekt på at ein må sikre eit føreseieleg og samordna kollektivtilbod med gode mobilitetsløysingar som fremjar inkludering på tvers av generasjonar.

Kommunen støttar vidare at trafikksikkerheit vert prioritert saman med drift og vedlikehald av eksisterande fylkesvegnett som grunnlag for mobilitet, verdiskaping og berekraftig samfunnsutvikling.

PS 12/26 Rullering av KIF-planen sitt handlingsprogam 2026

Vedtak:

Ulstein kommunestyre godkjenner følgjande handlingsprogram i Kommunedelplan for idrett og friluftsliv, for perioden 2026 - 2029.

Behandling:

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedteken.

Kommunedirektøren si tilråding:

Ulstein kommunestyre godkjenner følgjande handlingsprogram i Kommunedelplan for idrett og friluftsliv, for perioden 2026 - 2029.